



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Prop. 29 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i kontantstøtteleven
(retting av endringar med utilsikta
konsekvensar)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.3	Alderskravet	10
			4.4	Ikraftsetjing	11
2	Bakgrunnen for lovforslaget	5	5	Økonomiske og administrative konsekvensar	11
2.1	Innleiing og bakgrunn	5			
2.2	Departementet si handtering av saka	7	6	Merknader til dei einkilde føresegnene i lovforslaget	11
3	Gjeldande rett	8			
4	Departementet si vurdering	9		Forslag til lov om endringar i kontantstøtteleven (retting av endringar med utilsikta konsekvensar)	13
4.1	Innleiing og bakgrunn	9			
4.2	Støtteperioden	10			



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Prop. 29 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i kontantstøtteleven (retting av endringer med utilsikta konsekvensar)

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Barne- og familiedepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag til endringer i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteleven). Lovforslaget rettar opp utilsikta konsekvensar av lov 14. mai 2024 nr. 21 om endringer i kontantstøtteleven og folketrygdloven (justering av kontantstøtteperioden og forlengelse av foreldrepengeperioden ved 80 prosent dekning), som vart vedteke av Stortinget på bakgrunn av Prop. 43 L (2023–2024) *Endringer i kontantstøtteleven og folketrygdloven (justering av kontantstøtteperioden og forlenging av foreldrepengeperioden ved 80 prosent dekning)*, jf. Innst. 237 L (2023–2024).

Føremålet med lovforslaget i Prop. 43 L (2023–2024) var å vidareføre kontantstøtteperioden dei første sju månadene av støtteperioden og avvikle støtta for dei fire siste månadene. På denne bakgrunn vart alderskravet for rett til kontantstøtte endra til at kontantstøtte blir ytt for barn frå 13 månader til og med den månaden barnet blir 19 månader, dersom dei ikkje nyttar seg av barnehage med offentleg driftstilskot.

I samband med endringa i alderskravet vart det òg gjort einskilde forenklingar i ordlyden i kontantstøtteleven om når kontantstøtte kjem til utbetaling og når utbetalinga stansar for å betre samanhengen i regelverket. Desse endringane

har gitt utilsikta konsekvensar både materielt og økonomisk. Ei lovendring av 2022 om at støtte-mottakarar ikkje skal få kontantstøtte for same månad som barnet byrjar i barnehage, vart reversert, og støtteperioden er med det utvida med ein månad innanfor den nye kontantstøtteperioden på sju månader. I tillegg er rett til kontantstøtte utvida med ein månad i einskilde andre tilfelle. Desse konsekvensane av endringane er ikkje i tråd med føremålet om å redusere støtteperioden i ordninga frå elleve til sju månader.

For å rette opp i dette, foreslår departementet å reversere endringane for når kontantstøtte kjem til utbetaling og når utbetalinga opphøyrer. Dette gjer det òg naudsynt å formulere om alderskravet for rett til kontantstøtte.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Innleiing og bakgrunn

I Prop. 43 L (2023–2024) *Endringer i kontantstøtteleven og folketrygdloven (justering av kontantstøtteperioden og forlenging av foreldrepengeperioden ved 80 prosent dekning)*, la departementet fram forslag om å redusere kontantstøtteperioden med fire månader, frå elleve månader til sju månader, som Stortinget vedtok, jf. Innst. 237 L (2023–2024). I

den samanheng blei òg kontantstøtteloven § 8 om støtteperioden endra.

Ordlyden i kontantstøtteloven § 8 første ledd før endringane tok til å gjelde 1. august 2024, var:

Kontantstøtte ytes fra og med kalendermåneden etter at rett til kontantstøtte inntreir, til og med den kalendermåneden før rett til kontantstøtte faller bort. Kontantstøtte ytes likevel ikke lenger enn til og med kalendermåneden før barnet fyller 2 år.

Ordlyden i § 8 første ledd som tok til å gjelde frå 1. august 2024, lyder:

Kontantstøtte ytes fra og med kalendermåneden retten til kontantstøtte inntreir, til og med kalendermåneden retten til kontantstøtte faller bort. Kontantstøtte ytes likevel ikke lenger enn til og med kalendermåneden barnet fyller 19 måneder.

Endringa av ordlyden i føresegna har vist seg å gi utilsikta konsekvensar, ved at personar med barn i alderen 13 til 19 månader, frå 1. august 2024 får utbetalt kontantstøtte òg for same månaden barnet byrjar i barnehage. Dette er fordi ordet «før» er fjerna frå lovteksten i kontantstøtteloven § 8 første ledd første punktum andre del. Ordninga er med det utvida med ein månad innanfor den nye kontantstøtteperioden på sju månader. Det same gjeld for tilfelle der støttlemottakaren flyttar til utlandet. Dette inneber ei reversering av lovendringa av 1. august 2022, jf. Prop. 15 L (2021–2022) og Innst. 149 L (2021–2022), kor retten til å få kontantstøtte for same månad som rett til kontantstøtte fell bort, blei oppheva. Innskrenkinga i kontantstøtta av 2022 blei gjort i forlenginga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022), jf. Innst. 14 S (2021–2022), fordi ein ville unngå at foreldre kunne få offentleg subsidiert barnehegetilbod og kontantstøtte same månad. Endringa av 2022 må sjåast i samanheng med at kontantstøtte er eit alternativ til barnehage, og at det er eit grunnvilkår for rett til full kontantstøtte at barnet ikkje gjer bruk av barnehageplass med statleg driftstilskot, sjå kontantstøtteloven § 2 jf. § 7.

Det er vidare avdekka at endringa frå 1. august 2024 i kontantstøtteloven § 8 første ledd første punktum første del om tidspunktet for når kontantstøtte blir utbetalt, òg har gitt ein utilsikta konsekvens ved at retten er utvida med ein månad grunna at ordet «etter» er fjerna frå lovteksten. Dette gjeld tilfelle der barnet flyttar mellom foreldra og busettvilkåret er oppfylt, fordi kontant-

støtte no blir ytt frå same månad vilkåra er oppfylt. For regelverket frå før 1. august 2024, trådde retten til kontantstøtte inn først månaden etter.

Det har ikkje vore tilsikta at endringane skulle utvide retten til kontantstøtte. Føremålet har tvert om vore å innskrenke retten til kontantstøtte. I merknadane til kontantstøtteloven § 8 i Prop. 43 L (2023–2024) vart endringane grunngeve i å vere forenklande, og å skape ein betre samanheng i regelverket. Det vart ikkje teke høgde for at dette ville gje materielle endringar med økonomiske konsekvensar. Det er av den grunn heller ikkje gjort greie for konsekvensane av endringane i Prop. 43 L (2023–2024).

Dei omtala endringane vart gjort mellom høyringa av lovforslaget og framlegginga av lovproposisjonen for Stortinget. Ut over å vise til omsynet til forenkling og betre samanheng mellom kontantstøtteloven § 2 og § 8, er det i Prop. 43 L (2023–2024) ikkje gjort greie for kva for verknader forslaga får for ulike grupper støttlemottakarar, og heller ikkje økonomiske konsekvensar. Stortinget har difor vedteke endringane på mangelfullt grunnlag. Den gjeldande løyva til kontantstøtte på overslagsløyvinga kap. 844, post 70 for 2024 tek heller ikkje høgde for dei utilsikta konsekvensane.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har per medio september oppdatert dei berekna samla meirutgiftene som følgje av dei utilsikta konsekvensane til om lag 34 mill. kroner i 2024, sjå nedanfor under punkt 2.2. Desse meirutgiftene er i all hovudsak knytt til utbetalingar av kontantstøtte for same månad som barnet byrjar i barnehage.

Stortinget ved Familie- og kulturkomiteen vart orientert om saka i brev av 26. august 2024. Det vart i brevet òg orientert om at departementet vil leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget hausten 2024 for å rette opp i dei utilsikta konsekvensane.

Forslag til lovendringar skal som hovudregel sendast på høyring, jf. instruks 19. februar 2016 nr. 184 om utredning av statlige tiltak (utredningsinstruksen) punkt 3-3 første ledd. Unntak følgjer av instruksen § 3-3 andre ledd, og høyring kan unnlatast dersom høyringa kan «vanskeliggjøre gjennomføringa av tiltaket», jf. andre kulepunkt. Det har ikkje vore tilsikta at endringane i kontantstøtteloven frå 1. august 2024 skulle utvide retten til kontantstøtte, med dei påfølgjande økonomiske konsekvensane dette har gitt. Stortinget har vedteke endringane på mangelfullt grunnlag, jf. Prop. 43 L (2023–2024), og difor heller ikkje løyvd midlar til meirutgiftene dei utilsikta konsekvensane har medført. Det er difor viktig å få retta opp feila som har skjedd i denne saka så raskt som moge-

leg. Jo lenger tid det tar å rette opp, jo høgare vil kostnadane bli. Av omsyn til familiarne er det òg av betydning å rette opp raskt, fordi denne saka har gjort det uklart for nokre familiar om dei har rett til kontantstøtte. Gitt dette utgangspunktet, har det ikkje vore lagt opp til eller gjennomført offentleg høyring av forslaget, jf. utredningsinstruksjonen punkt 3-3 andre ledd andre kulepunkt.

2.2 Departementet si handtering av saka

Barne- og familiedepartementet vart kjent med dei utilsikta konsekvensane av endringane i kontantstøtteleven i samband med Arbeids- og velferdsdirektoratet si førebuing av iverksetjinga av endringane frå 1. august 2024. Departementet har i etterkant gjort tiltak for å klargjere rettsstillingen og òg redusere verknadane av dei utilsikta økonomiske konsekvensane av endringane så langt råd er. Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dette arbeidet.

Det følgjer av Prop. 43 L (2023–2024) punkt 5, første avsnitt, at «[o]mleggingen også vil omfatte familier med barn som er inne i ordningen før loven trer i kraft i august 2024.». På dette grunnlaget vart det lagt til grunn at alle nye og gamle saker i ordninga var omfatta av endringane i kontantstøtteleven frå 1. august 2024. Slik lovendringa vart planlagt gjennomført, ville gjennomføringa i all hovudsak gi utilsikta meirutgifter knytt til utbetalingar i august, fordi dei fleste barna byrjar i barnehage i august. Dette omfatta om lag 10 400 støttemottakarar.

I forarbeida var det ut over formuleringa i punkt 5, første avsnitt, ikkje gjort nokon nærmare vurdering og avklaring av skjeringstidspunktet for kven som var omfatta av tidlegare og nye reglar, og overgangsreglar var heller ikkje vurdert som naudsynt. For å avklare skjeringstidspunktet, retta departementet ein førespurnad til Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet med spørsmål om nærmare avklaringar.

Lovavdelinga har i brev av 16. august 2024 gjort ei vurdering av skjeringstidspunktet, og kome til at støttemottakarar med vedtak om kontantstøtte etter tidlegare reglar med opphør 31. juli 2024, er ute av kontantstøtteordninga frå og med same dato. Det betyr at skjeringstidspunktet for kven som kan reknast som omfatta av tidlegare og nye reglar, er 1. august 2024.

På denne bakgrunn vart utbetalinga av kontantstøtte i august til om lag 6 000 personar med opphør av kontantstøtte 31. juli 2024, stansa. Denne gruppa fell utanfor krinsen av personar som er omfatta av dei nye reglane gjeldande frå 1.

august 2024, og dei har heller ikkje rett til ein ny opphøyrsmånad etter nye reglar. Departementet har gitt nærmare overgangsregler om skjeringstidspunktet mellom tidlegare og nye reglar i forskrift 30. oktober 2024 nr. 2592 om overgangsregler til endringar i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteleven).

I brevet til Familie- og kulturkomiteen av 26. august 2024 om saka, vart meirutgiftene som følgje av dei utilsikta konsekvensane berekna til om lag 23 mill. kroner i 2024. Arbeids- og velferdsdirektoratet hadde då lagt til grunn at om lag 3 000 personar ville få kontantstøtte for ein ytterlegare måned i 2024 som følgje av dei utilsikta konsekvensane. Direktoratet har i ljøs av oppdatert statistikk om kontantstøtteutbetalingar i august revidert anslaget sitt, og per medio september oppgradert talet frå 3 000 til 4 400 saker.

Av praktiske årsaker var det ikkje mogeleg å stanse utbetalinga av kontantstøtte for august til støttemottakarar i denne resterande gruppa på om lag 4 400 saker. Gruppa omfattar i all hovudsak personar som har fått vedtak om kontantstøtte etter nytt regelverk for barn som fyller 13 månader i august og som har fått barnehageplass same måned, personar med vedtak etter tidlegare reglar, men som enno ikkje har meldt frå om barnehageplass, og personar som hadde meldt frå om barnehageplass, men søkt om og fått innvilga ein ny opphøyrsmånad i august. Felles for denne gruppa er altså at barnet nyttar full barnehageplass med offentleg driftstilskot. Når det gjeld tilfella der einsskilde har fått vedtak om kontantstøtte etter nytt regelverk for barn som fyller 13 månader og som har fått barnehageplass for same måned, skyldast det ein tidlegare praksis i Arbeids- og velferdsetaten (NAV) fram til lovendringa av 2022, som no er reversert. Etter denne praksisen har vilkåret for rett til kontantstøtte vorte tolka som oppfylt for same måned som barnet får full barnehageplass med offentleg driftstilskot, når barnet fyller 13 månader og byrjar i barnehage med oppstartsdato midt i månaden. Tolkninga er ikkje i tråd med grunnvilkåret i kontantstøtteleven § 2 om at barnet ikkje må nytte full barnehageplass med offentleg driftstilskot. Dette gjeld uavhengig av oppstartsdato. Frå 1. august 2022 til 31. juli 2024 hadde denne tolkinga ingen praktisk betydning, fordi utbetalinga opphøyrde månaden før retten falt bort. Ved endringa av lova frå 1. august 2024 blir kontantstøtte ytt frå og med kalendermånaden retten inntreier, og ei ny innføring av den tidlegare tolkinga vil dermed innebære at det blir ytt

kontantstøtte òg for same månad som barnet byrjar i barnehage, dvs. ei utviding av ordninga med ein månad. Tolkinga er no klargjort og korrigert, men nokre kan ha motteke utbetaling likevel.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har berekna dei samla meirutgiftene for utbetaling av kontantstøtte til gruppa på 4 400 til om lag 34 mill. kroner i 2024. Sidan dei aller fleste barn byrjar i barnehage i august, er mesteparten av meirutgiftene knytt til utbetalingar av kontantstøtte for august. Ein del av meirutgiftene kjem som følgje av utbetalingar for andre månader hausten 2024, men direktoratet legg til grunn at det ikkje er betydeleg. Det leggjast til at i denne gruppa inngår òg ei lita undergruppe som omfattar tilfelle der barnet flyttar mellom foreldra, tilfelle der ein stønads-mottakar flytter til utlandet og tilfelle der busett-vilkåret etter søknad blir vurdert oppfylt. Arbeids- og velferdsdirektoratet har berekna meirutgiftene for utbetaling av kontantstøtte til denne gruppe til om lag 0,3 mill. kroner av dei samla meirutgiftene.

Departementet har vurdert om feilutbetalt kontantstøtte som følgje av endringane skal krevjast tilbake frå gruppa på 4 400 støttemottakarar, men har kome til at vilkåra for å krevje tilbake kontantstøtte etter kontantstøtteleven § 11 ikkje er oppfylte. Grunngevinga er at mottakarane vurderast å ha tatt imot utbetalinga i god tru, mellom anna fordi informasjon frå NAV tilsa at utbetalinga var i tråd med gjeldande rett.

3 Gjeldande rett

Kontantstøtteordninga er regulert i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøtteleven). Føremålet med lova følgjer av kontantstøtteleven § 1. Lova skal bidra til at familiane får meir tid til sjølve å ta omsorg for egne barn, at familiane blir gitt reell valfridom når det kjem til kva for form omsorg barn skal ha og at det blir meir likskap i overføringane den ein-skilde familie mottek frå staten, uavhengig av på kva måte tilsynet blir ordna.

Det følgjer av kontantstøtteleven § 1 a at kontantstøtte er ei familieyting etter trygdeforordninga, og føresegnene i kontantstøtteleven skal fråvikast i den grad det er naudsynt av omsyn til relevante føresegner i EØS-avtalen sin hovuddel, trygdeforordninga, gjennomføringsforordninga og bi- og multilaterale trygdeavtaler, sjå lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) § 1-3 a og § 1-3 b.

Hovudregelen og grunnvilkåra for rett til kontantstøtte følgjer av kontantstøtteleven § 2 før-

ste ledd. Kontantstøtte blir ytt for barn i alderen mellom 13 og 19 månader som er busett i riket, og som ikkje eller berre delvis gjer bruk av barnehageplass som det blir ytt offentleg driftstilskot for. Med riket meinast Noreg unntatt Svalbard, Jan Mayen og norske biland. Det blir stadfesta i føresegna som grunnvilkår for rett til kontantstøtte at det ikkje blir nytta full barnehageplass som det blir ytt offentleg driftstilskot for. Kva som blir definert som full barnehageplass for rett til kontantstøtte, følgjer av kontantstøtteleven § 7 fjerde ledd, sjå nedanfor.

Eit barn reknast som busett i riket når det har opphaldt seg eller skal opphalde seg i riket i meir enn 12 månader, jf. kontantstøtteleven § 2 andre ledd første punktum. Eit mellombels utanlandsopphald på opptil tre månader avbryt ikkje eit bustadforhald, jf. kontantstøtteleven § 2 andre ledd andre punktum. Etter føresegna tredje ledd følgjer det at lova gjeld for barn som oppheld seg på Svalbard og som er medlem i folketrygda etter folketrygdloven § 2-3.

Det følgjer av kontantstøtteleven § 3 første punktum at kontantstøtte blir ytt til den barnet bur fast saman med. Støttemottakaren må vere busett i riket, og ha vore medlem i folketrygda i minst fem år, jf. andre punktum. Dersom barnet bur saman med begge foreldra, må begge foreldra ha vore medlem i folketrygda i minst fem år, jf. tredje punktum. Regelen i kontantstøtteleven § 2 andre og tredje ledd gjeld tilsvarande, jf. siste punktum.

Kontantstøtteleven § 7 har nærmare reglar om størrelsen på kontantstøtta. Størrelsen på kontantstøtta blir fastsett av Stortinget gjennom dei årlege budsjettvedtaka, og ytast med dei beløp som er fastsett av Stortinget, jf. kontantstøtteleven § 7 første ledd. Det er eit vilkår for full kontantstøtte at barnet ikkje gjer bruk av barnehageplass med offentleg driftstilskot, jf. andre ledd. Dette følgjer av at kontantstøtte er eit alternativ til barnehage, og foreldre som disponerer full barnehageplass har difor ikkje rett til kontantstøtte. Det blir ikkje ytt kontantstøtte om det er avtalt opphaldstid i barnehage på 33 timar eller meir per veke, jf. fjerde ledd.

Dersom barnet gjer bruk av barnehageplass som det blir ytt offentleg driftstilskot for, og det er skriftleg avtalt redusert opphaldstid, blir det ytt delvis kontantstøtte etter det avtalte timetalet per veke, jf. kontantstøtteleven § 7 tredje ledd. Delvis kontantstøtte blir ytt som 80 prosent av full yting ved avtalt opphaldstid til og med 8 timar per veke, 60 prosent ved avtalt opphaldstid frå og med 9 timar til og med 16 timar per veke, 40 prosent ved

avtalt opphaldstid frå og med 17 timar til og med 24 timar per veke eller 20 prosent ved avtalt opphaldstid frå og med 25 timar til og med 32 timar per veke.

Kontantstøtteleven § 8 regulerer støtteperioden. Første ledd første punktum angir verknadstidspunktet for når støtta kjem til utbetaling og når utbetalinga opphøyrer. Kontantstøtte blir ytt frå og med kalendermånaden retten til kontantstøtte inntre, til og med kalendermånaden retten til kontantstøtte fell bort. Det er ein føresetnad at grunnvilkåra i lova § 2 er oppfylte. Vilkåra for rett til kontantstøtte er oppfylte frå og med den månaden barnet fyller 13 månader og det ikkje blir gjort bruk av barnehageplass som det blir ytt offentleg driftstilskot for, jf. kontantstøtteleven § 2 jf. § 7. Utbetalinga av kontantstøtte opphøyrer frå og med månaden etter at retten til kontantstøtte fell bort, dvs. frå månaden etter at barnet byrjar i barnehage som det blir ytt offentleg driftstilskot for, eller frå månaden etter at barnet fyller 19 månader, jf. òg kontantstøtteleven § 8 første ledd andre punktum.

Kontantstøtteleven § 11 regulerer tilbakekrevjing etter feilaktig utbetaling. Feilutbetalingar etter kontantstøtteleven blir handsama på tilsvarende måte som slike saker blir handsama etter folketrygdloven § 22-15. Tilbakekrevjing av kontantstøtte vil kunne skje når ein støttemottakar har motteke kontantstøtte i strid med «redelighet og god tro», jf. kontantstøtteleven § 11 første ledd første punktum. Tilbakekrevjing vil òg kunne skje om mottakaren aktlaust har gitt mangelfulle eller misvisande opplysningar, jf. første ledd andre punktum. Tilfelle der mottakar burde ha forstått at han eller ho ga feil opplysningar, eller har late vere å gi naudsynte opplysningar, blir òg ramma. Kontantstøtte kan òg krevjast tilbake dersom utbetalinga skyldast feil frå NAV og støttemottakaren burde ha forstått dette, jf. første ledd tredje punktum. I andre tilfelle kan for mye utbetalt kontantstøtte krevjast tilbake dersom «særlige grunner» gjer det rimeleg, jf. kontantstøtteleven § 11 andre ledd. Det kan mellom anna leggjast vekt på kor lang tid det har gått sidan feilutbetalinga, og om vedkommande har innretta seg i tillit til utbetalinga. Krav om tilbakekrevjing er i desse tilfella begrensa til det beløp som er i behald når vedkommande blir kjent med at utbetalinga var feil.

Etter kontantstøtteleven § 12 plikter støttemottakaren straks, og innan 14 dagar, å underrette NAV om alle endringar som kan ha betydning for retten til kontantstøtte og størrelsen på

denne. Ein søknad kan avslås og ein løpande kontantstøtte kan stansast dersom det ikkje blir gitt opplysningar som kravd, eller det blir gitt uriktige opplysningar eller forteia opplysningar av betydning, eller mottakar ikkje rettar seg etter pålegg som er heimla i lova, jf. kontantstøtteleven § 13.

4 Departementet si vurdering

4.1 Innleiing og bakgrunn

Føremålet med lovforslaget i Prop. 43 L (2023–2024) *Endringar i kontantstøtteleven og folketrygdloven (justering av kontantstøtteperioden og forlenging av foreldrepengeperioden ved 80 prosent dekning)*, var å vidareføre kontantstøtteperioden dei første sju månadene av støtteperioden og avvikle støtta for dei fire siste månadene, dvs. ei innskrenking av støtteperioden med fire månader.

På denne bakgrunn vart alderskravet for rett til kontantstøtte etter kontantstøtteleven § 2 første ledd, med verknad frå 1. august 2024 endra frå «[k]ontantstøtte ytes for barn mellom 1 og 2 år», til «[k]ontantstøtte ytes for barn mellom 13 og 19 månader». I samband med denne endringa vart det òg gjort einskilte forenklingar i ordlyden i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum om når kontantstøtte kjem til utbetaling og når utbetalinga opphøyrer, for å betre samanhengen mellom føresegnene i kontantstøtteleven § 2 og § 8.

I ettertid har det vist seg at endringane i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum har gitt utilsikta konsekvensar både materielt og økonomisk, sjå punkt 2.1. Lovendringa av 2022 av opphøyrstidspunktet i støtteperioden, som vart innført for at støttemottakarane ikkje skal få kontantstøtte for same månad som barnet byrjar i barnehage, vart reversert, og retten til kontantstøtte knytt til opphøyrsmånaden er blitt utvida. Endringa av tidspunktet for når støtta kjem til utbetaling, har òg gitt ein utilsikta utvida rett til kontantstøtte med éin månad i einskilte tilfelle. Desse konsekvensane av endringane er ikkje i tråd med føremålet i forarbeida, Prop. 43 L (2023–2024), om å redusere støtteperioden i ordninga frå elleve til sju månader.

For å rette opp i dette, er det naudsynt med endringar i verknadstidspunktet for støtteperioden i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum, og korleis alderskravet er formulert i kontantstøtteleven § 2 første ledd.

4.2 Støtteperioden

Kontantstøtteleven § 8 regulerer støtteperioden, og første ledd første punktum angir verknadstidspunktet for når støtta kjem til utbetaling og opphøyrer.

Etter endringa frå 1. august 2024 blir kontantstøtte ytt frå og med kalendermånaden retten til kontantstøtte inntreir, til og med kalendermånaden retten til kontantstøtte fell bort. Etter tidlegare rett vart kontantstøtte ytt frå og med kalendermånaden *etter* at rett til kontantstøtte inntreir, til og med kalendermånaden *før* rett til kontantstøtte fell bort.

Endringa av opphøyreregelen i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum andre del, og fjerninga av ordet «før» i føresegna, inneber at støttemottakarane har fått ein utvida rett til kontantstøtte for òg månaden barnet byrjar i barnehage. Vidare har støttemottakarar som flytter til utlandet fått ein utvida rett til kontantstøtte òg føreligg for same månaden vedkommande flyttar til utlandet. Dette har ikkje vore tilsikta.

For å rette opp i dette, føreslår departementet å reversere endringa av 1. august 2024 slik at utbetalinga av kontantstøtte opphøyrer frå kalendermånaden rett til kontantstøtte fell bort. Endringa inneber at det ikkje lenger vil bli ytt kontantstøtte for same månad som barnet får full barnehageplass med offentleg driftstilskot, jf. òg grunnvilkåret i kontantstøtteleven § 2 jf. § 7, om at barnet ikkje må gjere bruk av barnehageplass som det blir ytt offentleg driftstilskot for. Det vil heller ikkje bli ytt kontantstøtte for same månad ein støttemottakar flyttar til utlandet. Departementet viser til lovforslaget kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum andre del.

I samband med utgreiinga av denne saka, er det òg avdekka at fjerninga av ordet «etter» i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum første del om når kontantstøtte kjem til utbetaling, har gitt utilsikta konsekvensar. Endringa inneber at einskilde grupper støttemottakarar har fått ein utvida rett til kontantstøtte med ein månad, ved at kontantstøtte no blir utbetalt frå same månad som vilkåra for kontantstøtte er oppfylt, og ikkje som tidlegare frå månaden etter. Dette omfattar tilfelle der barnet flyttar mellom foreldra, ved at begge foreldra no vil få utbetalt kontantstøtte frå same månad som barnet flyttar mellom dei, og ikkje frå månaden etter. Vidare omfattar dette tilfelle der busettvilkåret er oppfylt, ved at kontantstøtte no blir utbetalt frå same månad, og ikkje som tidlegare frå månaden etter at vilkåret var oppfylt.

For å rette opp i dette, føreslår departementet å reversere endringa av 1. august 2024 slik at kontantstøtte blir ytt frå og med kalendermånaden etter at rett til kontantstøtte inntreir. Endringa inneber at det ikkje lenger vil bli ytt kontantstøtte før månaden etter at eit barn flyttar frå den eine av foreldra til den andre, og heller ikkje før månaden etter at busettvilkåret vert oppfylt. Endringa inneber òg at samanhengen med lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) § 22-12 om tidspunktet for utbetaling når rett til ei yting oppstår, og òg lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd (barnetrygdloven) § 11 om stønadsperiode, blir retta opp igjen. Etter folketrygdloven § 22-12 første ledd er hovudregelen at ei yting frå folketrygda som gis per månad, blir utbetalt frå månaden etter at stønadmottakarane fyller vilkåra for rett til ytinga. Departementet viser til lovforslaget kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum første del.

4.3 Alderskravet

Alderskravet for rett til kontantstøtte følgjer av kontantstøtteleven § 2 første ledd. Etter endringa av alderskravet frå 1. august 2024, blir kontantstøtte ytt for barn mellom 13 og 19 månader, mot tidlegare for barn mellom 1 og 2 år. Kontantstøtta er med det redusert frå elleve månader til sju månader, og blir etter gjeldande rett ytt frå og med kalendermånaden barnet fyller 13 månader, til og med kalendermånaden barnet fyller 19 månader, jf. kontantstøtteleven § 8 første ledd.

Som følge av forslaget til endringar i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum, må det òg gjerast endringar i korleis alderskravet er formulert. Dette følgjer av at forslaget om ei gjeninnføring av ordet «etter» i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum første del, betyr ei innskrenking av støtteperioden med ein månad samanlikna med noverande ordlyd. Dette fordi kontantstøtte etter forslaget igjen blir ytt frå månaden etter at rett til kontantstøtte inntreir. Støtta vil då komme til utbetaling frå og med månaden barnet fyller 14 månader, dvs. ei innskrenking av støtteperioden med ein månad.

Tilsvarande gjeld med omsyn til forslaget om å gjeninnføre ordet «før» i opphøyreregelen i kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum andre del. Støtteperioden vil òg her bli innskrenka med ein månad med ny ordlyd, fordi kontantstøtte etter forslaget blir ytt til og med kalendermånaden før retten til kontantstøtte fell bort. Utbetalinga vil då berre skje til og med månaden barnet fyller 18

månader. Dette inneber ei innskrenking av støtteperioden med éin månad.

Samla betyr dette at slik alderskravet er formulert no, vil forslaget til endring av kontantstøtteleven § 8 første ledd første punktum, innebære at støtteperioden blir redusert med to månader, dvs. frå og med 14 månader, til og med 18 månader. Dette gir ein støtteperiode på fem månader, og ikkje sju, som føresett og lagt til grunn i forarbeida, jf. Prop. 43 L (2023–2024). Måten alderskravet er formulert på no må difor justerast.

Departementet føreslår på denne bakgrunn at alderskravet for rett til kontantstøtte blir formulert om til «barn mellom 12 og 20 månader». Etter forslaget vil rett til kontantstøtte då føreligge frå og med månaden barnet er 12 månader, men støtta blir utbetalt først frå månaden etter, dvs. utbetaling frå og med månaden barnet fyller 13 månader. Vidare vil utbetalinga opphøre frå månaden før barnet fyller 20 månader, dvs. utbetaling til og med månaden barnet fyller 19 månader. Denne løysinga er i samsvar med slik løysninga var etter tidlegare rett fram til 31. juli 2024, sjå Ot.prp. nr. 56 (1997–1998) punkt 2.1.2. Lengda på støtteperioden vil med forslaget vere sju månader som føresett og lagt til grunn i forarbeida, jf. Prop. 43 L (2023–2024). Departementet viser til lovforslaget kontantstøtteleven § 2 første ledd.

4.4 Ikraftsetjing

Departementet føreslår i lovutkastet del II i lovforslaget at lova trer i kraft frå den tida Kongen bestemmer, og at Kongen kan setje i kraft dei ein-skilde føresegnene til forskjellig tid. Endringane i kontantstøtteleven vil gjelde for fødselar eller omsorgsovertakingar i samband med adopsjon 1. januar 2024 eller seinare. Det inneber at barn som fyller 12 månader i januar 2025, vil ha rett til kontantstøtte frå denne månaden, og utbetaling frå fylte 13 månader, dvs. frå februar 2025, jf. lovforslaget kontantstøtteleven § 8 første punktum første del. Departementet føreslår at departementet blir gitt heimel til å gi overgangsreglar.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Gjeldande løyving til kontantstøtte på kap. 844, post 70 for 2024 er 920 mill. kroner, jf. tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2024 i samband med revidert nasjonalbudsjett, sjå Prop. 104 S (2023–2024). Løyvinga tek ikkje høgde for dei utilsikta konsekvensane som følgje av endrin-

gane i kontantstøtteleven frå 1. august 2024. Arbeids- og velferdsdirektoratet har berekna at konsekvensane vil gi om lag 34 mill. kroner i meirutgifter inneverande år. Desse meirutgiftene er i all hovudsak knytt til utbetalingar av kontantstøtte for same månad som barnet byrjar i barnehage, men òg til dei andre utilsikta konsekvensane, til dømes tilfelle der barnet flyttar mellom foreldra og tilfelle der busettvilkåret er oppfylt. For meir om meirutgiftene i 2024, sjå punkt 2.2. Regjeringa vil på vanleg måte vurdere behov for å oppdatere anslaga for løyvinga til kontantstøtte i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2024.

Løyvinga til kontantstøtte på kap. 844, post 70 er i Prop. 1 S (2024–2025) Barne- og familiedepartementet føreslått til 719 mill. kroner i 2025. Utan departementet sine forslag til lovendringar, vil meirutgiftene vere 55 mill. kroner høgare årleg frå 2025. Om forslaga i denne lovproposisjonen blir vedteke, vil det ikkje vere meirutgifter i 2025.

Departementet føreslår at endringane i kontantstøtteleven vil gjelde for fødselar eller omsorgsovertakingar i samband med adopsjon 1. januar 2024 eller seinare. Den administrative iverksetjinga av lovendringane krev førebuing i Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2024. Regjeringa vil vurdere behov for eventuelle endringar i driftsløyva til NAV.

Det vil ikkje vere varige administrative meirutgifter knytt til forslaga til lovendringar. Orsaka er at NAV fekk løyvd midlar til å handtere dei administrative konsekvensane av opphøyr av retten til å få kontantstøtte for same månad som barnet byrjar i barnehage i 2022, sjå Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022), jf. Innst. 14 S (2021–2022).

6 Merknader til dei ein-skilde føresegnene i lovforslaget

Til endringane i kontantstøtteleven

Til § 2

Første ledd blir endra slik at alderskravet for rett til kontantstøtte omfattar barn mellom 12 og 20 månader. Rett til kontantstøtte føreligg med det frå og med månaden barnet er 12 månader, men støtta kjem til utbetaling først frå månaden etter, dvs. utbetaling frå om med månaden barnet fyller 13 månader. Vidare vil utbetalinga opphøre frå månaden før barnet fyller 20 månader, dvs. utbetaling til om med månaden barnet fyller 19 månader. Endringa i føresegna må sjåast i samanheng med endringa i § 8, sjå nedanfor. Det blir vist til dei generelle merknadane i punkt 4.3.

Til § 8

Første ledd *første punktum første del* blir endra slik at kontantstøtte blir ytt frå og med kalendermånaden etter at retten til kontantstøtte inntreir. Endringa inneber at det ikkje blir ytt kontantstøtte før månaden etter at eit barn flyttar frå den eine forelderen til den andre, og heller ikkje før månaden etter at busettvilkåret vert vurdert som oppfylt. Det blir vist til dei generelle merknadane i punkt 4.2.

Første ledd *første punktum andre del* blir endra slik at utbetalinga av kontantstøtte opphøyrer frå og med kalendermånaden retten til kontantstøtte fell bort. Endringa inneber at det ikkje føreligg rett til kontantstøtte for same månad som barnet får full barnehageplass med offentleg driftstilskot, jf. kontantstøtteleven § 2 jf. § 7, eller for same månad ein støttemottakar flyttar til utlandet. Det blir vist til dei generelle merknadane i punkt 4.2.

Til føresegna om ikraftsetjing

Etter føresegna gjeld lova frå den tid Kongen bestemmer. Kongen kan setje i kraft dei einskilde føresegnene til forskjellig tid for det tilfelle at det blir behov for administrativ tilrettelegging før dei ulike delane av lova trer i kraft. Endringane skal gjelde for fødselar eller omsorgsovertakingar i samband med adopsjon 1. januar 2024 eller seinare. Departementet blir gitt heimel til å gi overgangsreglar. Det blir vist til dei generelle merknadane i punkt 4.4.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i kontantstøtteleven (retting av endringar med utilsikta konsekvensar).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i kontantstøtteleven (retting av endringar med utilsikta konsekvensar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i kontantstøtteleven (retting av endringar med utilsikta konsekvensar)

I

I lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre blir følgjande endringar gjort:

§ 2 første ledd skal lyde:

Kontantstøtte ytes for barn mellom *12 og 20* måneder som er bosatt i riket, og som ikke eller bare delvis gjør bruk av barnehageplass som det ytes offentlig driftstilskudd for, jf. § 7 tredje ledd.

§ 8 første ledd første punktum skal lyde:

Kontantstøtte ytes fra og med kalendermåneden *etter at* retten til kontantstøtte inntre, til

og med kalendermåneden *før* retten til kontantstøtte faller bort.

II

1. Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer. Kongen kan setje i kraft dei einskilde føresegnene til forskjellig tid.
2. Endringane i kontantstøtteleven gjeld for fødselar eller omsorgsovertakingar i samband med adopsjon 1. januar 2024 eller seinare.
3. Departementet kan gi overgangsreglar.



